



# Vang kommune

Etat for oppvekst kultur og integrering

## Referat frå møte med Vang ungdomsråd 19.05.20

### Vang barne- og ungdomsskule

Tilstade: Jonas (10), Solvor (10) , Ine (9), Ole-Viljam (9), Amalie (8), Leander (8), Harald,

Tommy Rene Stordal, Vidar Eltun, Erlend Haaverstad

Mangler:

#### Sak 1 Korleis det har gått med heimeskule og vidare opplegg med ungdomsklubben:

Vi i U-rådet meiner at heimeskulen har gått bra men at det vart litt kjedeleg med vekene som gjekk, nokre meiner at det har blitt ekstra innsats i heimeskula og Trist med berre få venner, mens på skulen vart det litt stress på grunn av nye og strenge tiltak når dei vart opna igjen, kanskje litt mykje ekstra for dei som skal på vidaregåande. Avlyste treningar og felles arrangement har førd til lite å gjere i kvardagen blant unge. Klubben kan dessverre ikkje fortsette på grunn av desse tilltaka men det er snakk om eit alternativt opplegg som vanleg i Juni via klubben. Viss vi klarar å halde på smittevernreglane kunne eit ute arrangement vera mogleg i Juni tider, detta skal drøftast med kommuneoverlegen. I så fall må ein plan lagast for dette.

#### Sak 2: Pride-markering 12.juni og spørsmål om framtida

Ragnhild Lund har tatt kontakt med Leiars Ine og kommunestyret om markering av Pride på ungdomsskulen. Arrangementet skal skje på skuletida og då må h ta kontakt med skulen og å drøfte saka vidare, fordi skulen må ta ulike tiltak til eventuelle markeringar, ikkje alt kan gjennomførast. U-rådet har som sagt ikkje automatisk rett til å la dette skje utan vidare. Vi spurde om kva som ville skje med dei framtidige PRIO-veka, vidaregåande besøk osv. og status ville kome etter kvart. Ulike gymsalar og samfunnshus til aktivitet i kommunen vart det snakka om, kommuneoverlegen sa at ein sakte gjennåpning med ulike aktivitetar vill opne etter kvart. Nye reglar osv. vil kome som vi må følgje vidare etter kvart som ting endrast. Neste møtet blir mest sannsynleg med/om kommunestyret økonomiske planar og budsjett, ein konferanse blir i Juni,

Sak 3:

Sak 4:

Underskrevet av referent Ole-Viljam Skjefte og resten av U-rådet.